

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Silje Hjemdal sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå-modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Noreg."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

" Tillegg til punkt 1:

Nærleiksprinsippet skal liggje til grunn for all forvaltning slik at avgjerder vert tekne på eit så lavt nivå som mogeleg.

Nytt punkt:

Hordaland fylkeskommune vil ha hand om helsetenesta knytt til vidaregåande skule og vil ha denne oppgåva overført frå kommunane."

Torill Selsvold Nyborg sette fram slik protokollmerknad:

"Tillegg:

- J. Areal- og bustadplanlegging
- K. Regional kompetanseplattform
- L. Arbeidsmarknadspolitik
- M. Internasjonalt samarbeid"

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 49 røyster mot 8 røyster (Frp) for Hjemdal sitt forslag.

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Vedtak

Fylkestinget i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 05.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport "Nye folkevalgte regioner - mål, prinsipper og oppgaver" (datert 8. desember 2014), og tilrår at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. I Noreg er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåvene/sectorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.
3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalde regionar i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.
5. Folkevalde regionar bør få overført oppgåver frå staten til dømes innanfor følgjande område:
 - a. Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdelingar
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d. Delar av Forskningsrådet sine program

- e. Konesjonsoppgåver og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvalting av regional karakter
- f. Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
- g. Miljø/klima
- h. Landbruk
- i. Prosjektskjønnsmidlar

Mange oppgåver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.

6. Staten bør som hovudregel organisere verksemda si slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som blir etablert.
7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalde regionale nivået må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetnader av juni 2014. Med dette som utgangspunkt, ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert lagt fram våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsippa som ligg i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet føreset at både fylkeskommunane og KS vert trekte aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal liggje til det regionale folkevalde nivået.

Protokollmerknad frå KrF

Tillegg:

- J. Areal- og bustadplanlegging
- K. Regional kompetanseplattform
- L. Arbeidsmarknadspolitik
- M. Internasjonalt samarbeid